

Gode kollegar!

Siste!

Minner igjen om ortopedikurset. Ingen kursavgift. Webinaret blir lagra på nett ei tid og kan følgast i etterkant.

Emnekurs i ortopedi for allmennlegar –15 timar - i Helse Førde-området.

Emnekurset er godkjent med 15 timar for allmennlegar blir arrangert i samarbeid mellom ortopedisk avdeling i Helse Førde og PKO. Det blir arrangert som eit kombinert webinar (10 timar fordelt på 2 dagar) i veke 13 og eit fysisk kurs (5 timar 1 dag) i veke 14 på enten på Eid, i Førde eller i Lærdal. Legane må delta på heile kurset for å få det godkjent som emnekurs.

Webinaret blir lagra på nett og kan følgast ein periode etter kurset.

Ingen kursavgift.

Påmelding innan 15.03.22 til PKO - normund.rolleiv.svoen@helse-forde.no

Veke 13: Webinar totalt 10 timar

Dag 1 onsdag 30.03.22 – kl. 8-12 og

Dag 2 torsdag 31.03.22 – kl 8-12

Veke 14: Praktisk seminar med fysisk oppmøte totalt 5 timar kl.10-16

Tysdag 05.04 Nordfjord sjukehus, eller

Onsdag 06.04 Lærdal sjukehus, eller

Torsdag 07.04 Førde Sentralsjukehus

[PKO-kalender - Helse Førde \(helse-forde.no\)](https://www.legeforeningen.no/kurs/2021/12/34692/#tab1)

<https://www.legeforeningen.no/kurs/2021/12/34692/#tab1>

Emnekurs i individuell veiledning og supervisjon for allmennleger, Hotell Alexandra, Loen, 21.-22. april

[Emnekurs 18 timar i individuell veiledning for allmennleger](#)

Om ungdomsmedisin på nettsida til Helse Førde- overgangsløp for ungdom til vaksenavdelingar

Barne- og ungdomsavdelinga i Helse Førde har no lagt ut informasjon på nettsida til Helse Førde om overgangsløp for ungdom til vaksenavdelingar. Vi sakser frå nettsida:

- Mange ungdommar opplever overgangen frå barne- og ungdomsavdelingar til vaksenavdelingar som svært brå.
- Forsking syner at dårleg planlagde overgangar frå ung til vaksen heng saman med auka risiko for dårleg oppfølging og andre komplikasjonar.
- Ungdom har konkrete, aldersbestemte rettar knytt til informasjon, medverknad, tilrettelegging og eit undervisningstilbod tilpassa alder og utvikling.
- Nasjonale undersøkingar syner at helsetenestene er dårleg tilpassa ungdommar.
- I Helse Førde ønskjer vi å sikre at ungdommar får gode overgangar frå barne- og ungdomsavdelinga til vaksenavdelingar. Gode overgangar skal bidra til å fremje helse, meistring og livskvalitet, samt sikre ungdomars rett til medverknad.

Les meir her

<https://helse-forde.no/Documents/Ungdomsmedisin.pdf>

4. dose Covid vaksine til immunsupprimerte

Fagdirektør Asle Kjølraug svarer ut eit spørsmål vedr 4. dose Covid vaksine til immunsupprimerte og evt informasjon til pasientar om dette. Han skriv: "Helse Førde kjem som hovedregel ikkje til å sende ut nye brev til pasientar som skal ha 4. dose korona-vaksine sidan det er dei same pasientane som fekk brev frå oss ift 3.dose i primærvaksinasjonsprogrammet. Nokre pasientar, for eksempel dialysepasientar og pasientar i aktiv kreftbehandling, vil kunne ha behov for å sette dose på riktig tidspunkt ift behandling – desse pasientane vil få info om dette av sin behandlar i spesialisthelsetenesten. "

Informasjon fra Helse Vest IKT angående overgang til ny versjon av meldinger: Svarrapport 1.4 og Rekvisisjon 1.6

Helse Vest IKT skriv i ein epost til legekontora: "I forbindelse med nasjonal plan for overgang til ny versjon av meldinger skal støtte for mottak av svarrapport 1.4 og rekvisisjon 1.6 være på plass hos alle aktører innen 1. februar 2022."

For dei aller fleste legekontor i Helse Førde området vil dette vere ein rein informasjon om ting som skjer automatisk og som ikkje vil ha nokon konsekvens for drift. Er nokon i tvil om sin status etter å ha lest vedlegget i lenka kan Helse Vest IKT kontaktast.

[Informasjon fra Helse Vest IKT angående overgang til ny versjon av meldinger.pdf](#)

Bytte av laboratorieinformasjonssystem ved Helse Førde ved Laboratorium for medisinsk biokjemi og blodbank (LMBB)

PKO har fått epost frå LMBB der dei skriv: "Laboratorium for medisinsk biokjemi og blodbank, Helse Førde, skal helga 12-13. mars 2022 bytte laboratorieinformasjonssystem. Dagens laboratorieinformasjonssystem DIPS Lab blir erstatta med Unilab. LMBB ber om at ein fram til 12.03.22 reduserer rekvirering av blodprøvar med prøvetakingsdato etter 12.03.22. Etter systembytte må alle prøver som er rekvirerte tidlegare behandlast manuelt og vil ta lenger tid. Når nytt system er i drift, vil rekvirering fungere som før.

Ved spørsmål kontakt:

Ansvarleg avdeling: Lab. for medisinsk biokjemi og blodbank, Helse Førde

Kontaktpersonar: Robin Sørland

E-post: robin-andre.sorland@helse-forde.no"

[Bytte av LIMS - eksterne rekvirenter.pdf](#)

Hald deg oppdatert om ny info frå labtenestene i helse Førde:

<https://labanalyse.helse-forde.no/labinfo>

Diverse lokal informasjon om Covid-19 på samhandlingssidene

- bl.a. referat få møter i Taktisk samhandlingsgruppe – nyttig samhandlingsinfo til allmennlegar om Covid 19 handtering i Helse Førde området.

<https://samhandling-sfj.no/status-og-informasjon-om-samhandling-rundt-covid-19/>

Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

Jan Ove Tryti, Anita Sørheim, Normund Svoen

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

